

## Innspel frå anonym om SFO budsjett 2025

Som privatperson med små born kjenner eg no ei sterk uro knytt til forslaga om å redusere opningstidene i SFO. Eg arbeider på sjukehuset i Volda med ein jobb eg har spesialisert meg for å kunne få. Kunne ikkje tenke meg noko anna. Dette innebærer selvfølgelig pendling, som er ok. Sambuaren min har jobb på Hareid, men det er ikkje berre 8-16 for han heller. Slik tidene er no klarer vi akkurat å få kvardagen til å gå opp, men det innebærer at eg møter på jobb kl. 0715, tre kvarter før kollegane mine. Med ein vanlig arbeidsdag får eg akkurat henta bornet mitt mellom kl. 16-16.15. Når samboer er på jobbreise, har eg allereie utfordringar nok slik det er no. Våre foreldre er fortsatt i arbeid, i mange år. Om det er tenkt at dei skal kunne bidra, så går ikkje det, for å ha det sagt. Ikke har alle foreldre i nærleiken heller. Ikke alle har moglegheit for fleksibel arbeidstid eller heimekontor. Det er ikkje nok jobbar til alle på Hareid, vi er mange med litt reiseveg. Dette går berre ikkje.

Eg kjenner på fortvilelsen og klumpen i magen. Kven skal ta støyten dersom borna vår ikkje har eit trygt tilbud? Er det arbeidsgiver? Dei menneska eg arbeider med? Må eg faktisk seie opp jobben min? Gå ned i lønn? Gå ned i stilling? Skal samboeren min bytte jobb, eller være tvungen ned i arbeidstid og lønn? Men vi treng inntekta vår. Må vi flytte? Viss Hareid skal være ei kommune i vekst, må her være rom for at småbarnsforeldre i arbeid kan etablere seg. Skulle virkelig tru at dette var av interesse for kommunen. Behovet for SFO er jo heilt reelt. Vår eldste var 5år då han begynte i skulen i år. Om ett par år når han er stor nok til å ta buss og greie seg litt heime, har vårt andre born behov for tilbuddet, behovet vårt er med andre ord vedvarende over fleire år. Skal det være så ugunstig å ha born? Man må tenke seg godt om dersom man vil ha fleire. Hareid i vekst? Då må det leggast en annen plan.